

# Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø Førde vidaregåande skule

## 1. Innleiing

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Skulen har plikt til å arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Det er nulltoleranse for krenkingar og mobbing. Alle som arbeider ved Førde vidaregåande skule har plikt til å følgje med, gripe inn og varsle med mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har plikt til å undersøkje og setja inn tiltak. Dersom elevar opplever krenkingar eller mobbing, er det svært viktig at skulen blir varsla så snart som råd.

Skulen har denne målsetjinga for arbeidet med trygt og godt skulemiljø:

*Alle på skulen blir sett og inkludert i fellesskapen. Vi erkjenner og tar konsekvensane av at trivsel og tryggleik er føresetnadar for læring. Elevane og dei tilsette blir involvert i arbeidet med å oppretthalde og vidareutvikle skulemiljøet. Nulltoleranse for krenkingar og mobbing er sjølvstakt for oss. Alle tilsette kjenner rutinane i denne handlingsplanen og følgjer opp desse.*

Handlingsplanen for trygt og godt skulemiljø i Førde vidaregåande skule beskriv skulen sitt ansvar, og skulen sine rutinar, for ivaretaking av bestemmingane i opplæringslova kapittel 12.

## 2. Førebyggjande tiltak for å skapa eit trygt og godt skulemiljø

Fokuset på å vidareutvikle eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar og tilsette heng saman med nesten alle tiltak for oppfølging og utvikling som skjer i skulen. Til dømes kan ein sjå på forbetringstiltak innanfor undervisningspraksis knytt til fagfornyinga som indirekte bidrag til arbeidet med trygt og godt skulemiljø. Samstundes har skulen mange tiltak som meir direkte handlar om å førebyggja på dette området. Under er ei oppstilling av nokre av desse:

- Draumeskulen
- God skulestart
- Elevsamtalar gjennom skuleåret og startsamtale ved skulestart
- Leiarrundar i fellesareal om morgonen og gjennom skuledagen
- Oppfølging av god orden der alle skal rydde opp etter seg sjølve
- Informasjon til føresette og elevar om nulltoleranse, denne handlingsplanen og rutinane for Vestland
- Kompetanseutvikling og informasjon i kollegiet
- Oppfølging av elevundersøkinga og andre undersøkingar
- Miljø dagar og andre trivselstiltak gjennom skuleåret
- Basistime kvar veke med fokus på klassemiljø, elevmedverknad og trivsel
- Sosiale tiltak på ettermiddag kveld, mellom anna i samarbeid med Sunnfjord kommune
- Førebyggjande arbeid knytt til mellom anna rus, trafikk, kosthald, trening, seksualitet
- Samlokaliserte og tilgjengelege elevtenester som rådgjeving og helsesjukepleiar
- Tiltak for hybelbuarane våre

- Førebyggjande tiltak for inkluderande og trygg russefeiring
- Kartlegging av klassemiljø
- Systematisk oppfølging av om elevar har tilstrekkeleg utbytte av opplæringa, trygt og godt skulemiljø og godt klassemiljø

Tiltaka er nærare beskrive i skulens rutine for elevoppfølging.

### 3. Avdekking av at elevar ikkje har det trygt og godt

Alle som arbeider på skulen skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenkingar og mobbing. Ved mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø, skal elevansvarleg avdelingsleiar varslast. Ein kan varsle med bruk av varsle- mobbeknapp, eller på andre måtar. Avdelingsleiar informerer så rektor. Dersom elevansvarleg avdelingsleiar ikkje er tilgjengeleg, skal rektor varslast direkte. Ved alvorlege tilfelle vil rektor varsle skuleeigar om saka. [Sjå varslings skjema for Vestland fylkeskommune for varsling om elev sitt psykososiale skulemiljø](#). Elevansvarleg avdelingsleiar dokumenterer varselet som del av sakshandsaminga i elements.

Dersom ein som arbeidar på skulen får mistanke om, eller kjennskap til, at ein annan som arbeider på skolen utsett ein elev for krenkingar eller mobbing skal denne straks varsle rektor. Rektor vil så varsle skuleeigar om saka, med mindre meldinga er openbert grunnlaus. Dersom det er ein skuleleiar som står bak krenkinga skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke eller kjennskap til hendinga. [Sjå eigen prosedyre for Vestland fylkeskommune for handtering av sakar som inkluderer tilsette](#).

Elevar som opplever krenkingar eller mobbing, eller som ser at andre elevar vert utsett for dette, vert sterkt oppmoda om å så snart som råd å varsle dette til kontaktlærer, faglærer, rådgjevar, elevansvarleg avdelingsleiar eller rektor. Føresette som får kjennskap til krenkingar eller mobbing på skolen, vert sterkt oppmoda om å varsle skulen så snart som råd.

Skulen vil ved mistanke om krenkingar eller mobbing undersøke saka så snart som råd, og vil setje inn strakstiltak medan undersøkingane går føre om dette er nødvendig. Undersøkingane har som føremål å få fram elevens subjektive oppleving, fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Det kan også handle om å avklare og opplyse forhold tilbake i tid. Utover samtalar med involverte kan undersøkingar til dømes omfatta kartleggingar og observasjonar. Kor grundige undersøkingane skal vere er avhengig av skjønn, føremålet med undersøkingane og kva situasjon ein står ovanfor i kvart enkelt tilfelle. Undersøkingane skal vere grunnlaget for kva tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

### 4. Handtering av sakar der elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø

Rektor, ved elevansvarleg avdelingsleiar, har som hovudregel ansvaret for handsaminga av sakar der elevar ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø. Rektor blir informert om alle saker ved skulen. Elevtenesta deltek i vurderingar knytt til saker der dette er tenleg.

Når skulen har undersøkt og funne at eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, vil det raskt sett i gang egna tiltak. Det blir laga ein skriftleg plan i saka der det skal komme fram:

- a. Problema som tiltaka skal løyse
- b. Tiltaka
- c. Når tiltaka skal gjennomførast
- d. Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e. Når tiltaka skal evaluerast

Utforming og oppfølging av planen vil gjerast av elevansvarleg avdelingsleiar i samråd med rektor, og med medverknad frå kontaktlærar og tilsette i elevtenesta ut frå innhaldet og omfanget av saka. [Sjå mal for aktivitetsplan for Vestland fylkeskommune.](#)

I sakshandsaminga vil skulen sikre at involverte elever blir høyrte. Utgangspunktet for vurderingar og tiltak er omsynet til kva som er best for elevane. Skulen vil involvere og samarbeide med føresette.

Skulen vil skriftleg dokumentere korleis aktivitetsplikta blir tatt i vare i saka. Elevansvarleg avdelingsleiar har ansvaret for at aktivitetsplan og annan dokumentasjonen blir utforma, samla og lagra i Elements.

Skulen vil følgje opp med tiltak fram til eleven igjen opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø.

Om ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven sjølv, eller føresett til eleven, melde saka til Statsforvaltaren. Det er ein føresetnad at saka først er meldt til skulen.

## 5. Lenker

[Lenke til overordna prosedyre for oppfølging av opplæringslova §9A med ressursar og skjema gjeldande for Vestland fylkeskommune](#)

[Lenke til ressursider knytt til skulemiljø på nettsidene til Utdanningsdirektoratet](#)